# Oppland Sau og Geit

**Referat frå styremøte fredag 23/02 2024 og laurdag 25/02 2024 på Quality Strand Hotel på Gjøvik**

**Desse møtte fredag frå kl. 12.30-16.00:** Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen, Frode Rudland, Kjell Gudmund Svien, Svanhild G. Holden og Pål Kjorstad

**Sak 19/2024: Referatsaker**

- Referat frå styremøte på Teams 04/02 2024, send ut i mail 07/02 2024
- Informasjonsmøte 05/02 2024 om beiteprosjekt Innlandet på Teams, Knut, Jonny og Pål deltok
- Møte på Teams 06/02 2024 om beiteteknologi m/Agri Analyse, Pål deltok
- Fagmøte om geit på Teams 09/02 2024, Svanhild og ? deltok
- Foredrag på instruktørkurs Norske Kadaverhunder 09/02 2024 på Vinstra, Pål møtte
- Møte 13/02 2024 på Teams m/Gjerdseter og Vallen Beitelag om beiteprosjekt Innlandet, Pål møtte
- Møte på Teams 15/02 for sentralt tillitsvalde i NSG og Norges Bondelag, Ola, Jonny og Svanhild møtte
- Møte 16/02 2024 på Teams i Prosjekt elektronisk beitestyring, Pål møtte

Vedtak i saka:

- Referatet frå styremøte 04/02 2023 vart godkjent
- Anna informasjon vart teke til orientering

**Sak 20/2024: Arbeidsplan, organisering og fadderordning**

- Fadder m/lokallag, arbeidsåret 2023/24:
  - Ola Hareland: Skjåk, Lom, Vågå og Dovre
  - Jonny Mathisen: Lesja, Sel, Heidal og Fåvang
  - Even Sjurrud: Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu, Fåberg
  - Knut Evensen: Øyer-Tretten, Gausdal, Biri og Slidre
  - Frode Rudland: Vardal, Vestre Toten, Østre Toten og Toten III
  - Anne Terningen: Søndre Land, Snertingdal og Etnedal
  - Kjell Gudmund Svien: Hadeland, Nordre Land, Kolbu
  - Svanhild Holden: Vang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal

Gjennomføre styremøte etter oppsett plan med saker frå/om Ring 41, ORL, geit og OGL
Planlegge kontaktmøte/regionmøter i 2023/24 og seminar/årsmøte i februar 2024
Møtekalender 2024/25:

| Dato/Dato frå og til | Møte/arrangement og stad | Deltakarar frå styret/styret |
|---|---|---|
| 02/01 2024 | Teamsmøte m/NSG og utv. fylkeslag | Knut møtte |
| 09/01 2024 | Møte m/Nortura på Rudshøgda | Jonny og Pål |
| 10/01 2024 | Styremøte OSG i Ringebu m/valkomiteen | Styret i OSG/valkomiteen |
| 12/01 2024 | Møte i elektronisk styring av beitedyr | Pål |
| 15/01 2024 | Møte i valkomiteen på Teams | Pål, Valkomiteen |

Postadresse:
Oppland Sau og Geit
v/Pål Kjorstad, Moarusta 13
2647 Sør-Fron

Telefon:
99034406
E-post:
pkjorstad@outlook.com

Bankkonto:
2095.19.84249
Heimeside:
http://www.nsg.no/Oppland/

| | | |
|---|---|---|
| 17/01 2024 | Landbruksråd Innlandet på Honne | Frode |
| 17.-18/01 2024 | Seminar «Kampen om utmarka» | Anne og Pål |
| 19/01 2024 | Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr | Pål |
| 24/01 2024 | Teamsmøte m/sentralt tillitsvalde | Styret i OSG |
| 25/01 2024 | Teamsmøte m/HSG om seminaret | Knut og Pål |
| 02/02 2024 | Møte m/faglaga i Innlandet/Oppland | Knut og Jonny |
| 04/02 2024 | Styremøte på Teams | Styret i OSG |
| 05/02 2024 | Informasjonsmøte beiteprosjekt Innlandet m/Morten Tofastrud | Knut, Jonny og Pål |
| 06/02 2024 | Møte på Teams m/AgriAnalyse | Pål |
| 09/02 2024 | Møte på instruktørkurs - Norske Kadaverhunder m/foredrag på Vinstra | Pål |
| 13/02 2024 | Møte på Teams i beiteprosjekt Innlandet mGjerdseter/Vallen beitelag | Pål |
| 15/02 2024 | Møte på Teams for sentrale tillitsvalde i NSG m/Norges Bondelag | Ola, Jonny, Svanhild og ? |
| 16/02 2024 | Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr | Pål |
| 23/02 2024 | Styremøte før årsmøtet, med innspel til jordbruksforhandlingane | Styret i OSG |
| 23-25/02 2024 | Årsmøte og seminar, Gjøvik | Alle |
| 23/02 2024 | Møte m/Telespor | Jonny og Pål |
| 28/02 2024 | Årsmøte Hadeøland Sau og Geit | Frode møter |
| 29/02 2024 | Møte med Nord-Fron Landbrukskontor om prosjekt | Pål møter |
| 02-03/03 2024 | Felleskonferanse/årsmøte OBS | Frode, møter lørdag |
| 03/03 og/eller 04/03 2024 | Fjellbeiteprosjektet, Fagernes eller Heggenes | Kjell Gudmund møter 04/03 |
| 04/03 2024 | Evalueringsmøte beitebruk Midt-Gudbrandsdalen, Sør-Fron, foredrag | Pål møter |
| 05/03 2024 | Grovfôralliansen | Frode møter |
| 13-14/03 2024 | Årsmøte NSG, Gardermoen | Frode, Kjell Gudmund, Jonny og Svanhild møter |
| 13-14/03 2024 | Årsmøte Innlandet Bondelag, Hamar | Helge eller Irene møter |
| Dato ikkje spikra | Evalueringsmøte NM Ringebu | Styret i OSG, Lars Rudi |

Vedtak i saka:

- Styret i OSG arbeidar med sakene som er planlagt, spelt inn og som skal takast opp
- Kvar fadder tek kontakt med sine lokallag i forhold til medlemssituasjonen lokalt
- Årsmeldingsstoff til årsmeldinga, rapport frå organisert beitebruk manglar
- Det skal skrivast eit brev til KLD og LMD m/kopi til rovviltnemnda i sone 3 og sentrale politikarar, der rovviltsituasjonen i gamle Oppland vert dokumentert, ansvar Jonny utsett frist til at rovviltnemnda har konstituert seg den 08/02 2024 og til dei er klar til å delta på møte med OSG og faglaga
- Pål skal ordna ei tekst til medlemsfordelar i NSG jmf. vedtak i sak 3/2024

- Brev til avlsrådet i NSG eller kanskje via Ring 41 om kvalitetar på verar i semin-katalogen er ikkje sendt enda, ansvar Pål frist 01/03
- I brevet til avlsrådet vil styret i OSG også legge til spørsmål om avlen tar vare på dyr med god tilvekst på utmarksbeite/inngjerda utmarksbeite, eller med andre ord ikkje tek med opplysningar frå dyr, som får tilleggsfôring

**Sak 21/2024: Saker årsmøte**

| Budsjett Oppland Radiobjøllelag 2024 | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Inntekter** | **Budsjett 2024** | **Rekneskap 2023** | **Budsjett 2023** | **Rekneskap 2022** |
| Tilskot FKT, OBB o.a. | kr 1 500 000,00 | kr 2 667 370,00 | kr 1 430 000,00 | kr 1 227 500,00 |
| Leieinntekter | kr 3 500 000,00 | kr 3 301 179,00 | kr 3 000 000,00 | kr 2 257 084,00 |
| Leieinntekter salsteinsavlesere | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Refusjon tap av bjøller/overforbruk | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Servicehjelp, prosjekter | kr 50 000,00 | kr 58 056,00 | kr - | kr 34 711,00 |
| Renteinntekter | kr 15 000,00 | kr 19 407,00 | kr 5 000,00 | kr 4 417,00 |
| Sum inntekter | kr 5 065 000,00 | kr 6 046 012,00 | kr 4 435 000,00 | kr 3 523 712,00 |
| | | | | |
| **Utgifter** | | | | |
| Kataloger, mapper | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Saltsteinavlesere | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Godtgjørelser prosjekter | kr 41 500,00 | kr 71 195,00 | kr 60 000,00 | kr 49 600,00 |
| Abonnement | kr 2 280 000,00 | kr 1 986 640,00 | kr 2 000 000,00 | kr 1 266 261,00 |
| Utstyr | kr 2 500 000,00 | kr 3 781 700,00 | kr 2 131 500,00 | kr 1 909 559,00 |
| Fastgodgj. administrasjon | kr 120 000,00 | kr 120 000,00 | kr 120 000,00 | kr 120 000,00 |
| Regnskap | kr 23 000,00 | kr 22 750,00 | kr 23 000,00 | kr 23 250,00 |
| Godtgjøringer | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Arbeidsgiveravgift | kr 21 000,00 | kr 22 854,00 | kr 21 000,00 | kr 20 577,00 |
| Kontorleie/rekvisita | kr - | kr - | kr - | kr 1 416,00 |
| Fakturering, revisjon | kr 20 000,00 | kr 19 100,00 | kr 17 000,00 | kr 15 990,00 |
| Årsmelding | kr 18 000,00 | kr 17 008,00 | kr 12 500,00 | kr 12 867,00 |
| Årsmøte | kr 15 000,00 | kr 2 860,00 | kr 18 500,00 | kr 15 000,00 |
| Styre-/medlemsmøter | kr - | kr - | kr - | kr - |
| Porto | kr 3 000,00 | kr 2 704,00 | kr 6 000,00 | kr 4 093,00 |
| Reisekostnader | kr 15 000,00 | kr 13 117,00 | kr 15 000,00 | kr 14 055,00 |
| Andre kostnader/forsikring | kr 8 500,00 | kr 6 200,00 | kr 10 500,00 | kr 5 656,00 |
| Sum utgifter | kr 5 065 000,00 | kr 6 066 128,00 | kr 4 435 000,00 | kr 3 458 324,00 |
| | | | | |
| Resultat | kr - | -kr 20 116,00 | kr - | kr 65 388,00 |

- Utsendingar frå OSG til årsmøte i NSG, kven skal og kan reisa?
- Ordstyrar fredag: Knut, ordstyrar laurdag: Frode og ordstyrar søndag: Agnete og Pål
- Toastmaster festmiddag
- Gåver foredragshaldarar, tillitsvalde/tilsette, premier verar, bukk og gjetarhund og diplom
- Møter i samband m/årsmøte, Telespor, Findmy, NM i saueklipping/Midtdalslaga

Vedtak:
- Styret i OSG godkjente framlagt budsjett for Oppland Radiobjøllelag, eventuelt med dei endringane som kom fram i møte

- Utsendingane vart sett til å være Frode, Kjell Gudmund, Jonny og Svanhild
- Ordstyrarar vart godkjent og toastmaster vart vedteke til å vera Pål
- Gåver er ordna med nå og forslag til fylkeslagets diplom vart vedteke
- Møter vert halde dersom tida strekk til

**Sak 22/2024: Organisasjonssaker**

- Saka frå Nord-Fron Småbrukarlag angåande klage på OSG som ikkje støtte uttala/høyringa i utbyggingssaka i Nord-Fron
- Sak frå Aud Hove om deltaking frå Skjåk og Sør-Fron i eit prosjekt

Vedtak:

- Styret i OSG svarar ut dette
- Ta kontakt med Aud snarast etter årsmøtet

**Sak 23/2024: Jordbruksforhandlingane 2024/25**

- Det er meldt om innspel NSG frå fylkeslaga innan 24/02 2024

Generelt om saker som har vore drøfta i OSG:

1. Lønna til småfebonden må aukast, og størst auke må sauebonden få
2. Tilskota må ikkje røyrast for å sikra at lønnsauken vert reell for alle.

Dette gjeld spesielt for:

a) Lammeslakttilskotet: nei til endringar av regelverk for utbetaling av lammeslakttilskot, der slakteklassa framleis skal vera O+ og oppover og at vektgrense ikkje skal innførast

b) Produksjonstilskotet: Nei til endringar av dyretal-grensene både for sau og geit

c) Ei eventuell innføring av driftstilskot på sau kan vera ein veg for å oppnå lønnsauke hos sauebonden. Dette må vera friske midlar og ikkje påverka satsane på andre tilskot, som t.d. produksjonstilskotet, da det garantert vil skipla kravet under punkt 2

3. Beitetilskota må aukast. Dette må skje prosentvis likt for både generelt beitetilskot og utmarksbeitetilskot for å sikra at ingen produsent/distrikt heller ikkje her fell utanom
4. Organisert Beitebruk (OB) må få ein skikkeleg oppgang, her vart det til orientering ingen auke førre avtaleåret. Alle auke i dette bør tilførast investeringsstøtte m/fokus på støtte til elektronisk overvaking av beitedyr. Ser at det er nokon som har tenkt på at Staten skal/kan dekka 50% til kvar beitebrukar eller til leverandørar av slikt utstyr. Vi minner om:

a) Det er svært viktig å hegna om «Organisert Beitebruk». Her har Staten alt ei ordning rundt dette, og ei auke som under punkt 4 over vil vera ei gulrot for større medlemsfordel til OB og betre statistikkar for sleppte og tapte dyr på beite i Norge. Ei ordning med at Staten «berre» skal dekka dette vil svekka organisert beitebruk. Det må i så fall forskriftfastsetjast eit krav om medlemskap i OB

b) Det er vel heller ingen som trur at Staten vil dekka 50% av alt innkjøp. Skulle alle søyer som ikkje har sporing i Oppland ha slikt utstyr, så vil berre det utgjera 50% av kr. 300.000.000 for Staten

c) At leverandørane får 50% statsstøtte til produksjon trur vi er ei farleg vinkling. Brått kan da utstyret verta like dyrt for neste leddet, som er vi, utan vidare, og aktørane/nye aktørar/nytt utstyr må godkjennast etc.

d) Oppland synest modellen m/Radiobjøllelag må støttast. Ein god argumentasjon til støtte for elektronisk overvakingsutstyr er nettopp eit radiobjøllelag der utstyr som beitebrukarar som sluttar med beitedyr vert brukt oppatt hjå andre aktive brukarar

5. Oppland Sau og Geit har høyrt og teke innspela kring kvote- og produksjonsregulering av sau- og lammekjøtt på alvor. I skrivande stund ser vi ingen hensikt i å innføre dette. Vi nemner berre:
   a) I Norge vert det i dag produsert mykje mindre sau- og lammekjøtt enn vi fekk seld for nokre år sidan, og vi kan ikkje sjå at dette vil snu på stutt sikt
   b) Tal sauer over 1 år i Norge har minka gradvis frå 962.874 i 2018 til 869.417 i 2023. Med 1,25 lam slakta pr. sau utgjer det 116.821 stk. slakta lam mindre
   c) Ein eventuell rettferdig og modell for produksjonsregulering er på langt nær gjort i stand enda
6. Det må sørgjast for at småfebønder får dekka sjukefråvær fullt ut som andre grupper i samfunnet
7. Mjølkegeitbønder vil ha ein gjennomgang/dokumentasjon om kva eit årsverk er
8. Oppland Sau og Geit er glade for at ammegeitprodusentane fekk heva produksjonstilskotet ved førre avtale. Vi synest at produksjonstilskotssatsane til ammegeit skal følgja sauehaldet. Slik at satsane 1-60 på ammegeit følgjer sau på 1-75, 61-120 på ammegeit følgjer sau på 76-150, og 121+ på ammegeit følgjer 151+ på sau
9. Vi har sett opp eit oppsett på arka under og desse vil utgjera desse endringane:

2023/24:

| Prøvemodell-2023/24, sone 5A | Areal | Tilskudd | Sauer | Produksjonstilskudd | Sau og lam | Beitetilskudd | Sau og lam | Utmarksbeitetil | Lam | Slaktelamtilsku | Avløsning ferie | Engangskompe | Engangskompe | Dyrevelferdstils | Bunnfradrag | Sum ordinært t | Sum alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd 30 sauer | 30 | kr 10 800 | 30 | kr 58 050 | 90 | kr 8 100 | 75 | kr 30 750 | 38 | kr 20 438 | kr 16 710 | kr 6 000 | kr 2 610 | kr - | kr 6 000 | kr 138 848 | kr 147 458 |
| Tilskudd 60 sauer | 60 | kr 21 600 | 60 | kr 116 100 | 180 | kr 16 200 | 150 | kr 61 500 | 75 | kr 40 875 | kr 33 420 | kr 12 000 | kr 5 220 | kr - | kr 6 000 | kr 283 695 | kr 300 915 |
| Tilskudd 75 sauer | 75 | kr 27 000 | 75 | kr 145 125 | 225 | kr 20 250 | 188 | kr 76 875 | 94 | kr 51 094 | kr 41 775 | kr 15 000 | kr 6 525 | kr - | kr 6 000 | kr 356 119 | kr 377 644 |
| Tilskudd 100 sauer | 100 | kr 36 000 | 100 | kr 181 625 | 300 | kr 27 000 | 250 | kr 102 500 | 125 | kr 68 125 | kr 55 700 | kr 20 000 | kr 8 700 | kr - | kr 6 000 | kr 464 950 | kr 493 650 |
| Tilskudd 125 sauer | 125 | kr 45 000 | 125 | kr 218 125 | 375 | kr 33 750 | 313 | kr 128 125 | 156 | kr 85 156 | kr 69 625 | kr 25 000 | kr 10 875 | kr - | kr 6 000 | kr 573 781 | kr 609 656 |
| Tilskudd 150 sauer | 150 | kr 54 000 | 150 | kr 254 625 | 450 | kr 40 500 | 375 | kr 153 750 | 188 | kr 102 188 | kr 83 550 | kr 30 000 | kr 13 050 | kr - | kr 6 000 | kr 682 613 | kr 725 663 |
| Tilskudd 175 sauer | 175 | kr 63 000 | 175 | kr 259 850 | 525 | kr 47 250 | 438 | kr 179 375 | 219 | kr 119 219 | kr 97 475 | kr 35 000 | kr 15 225 | kr - | kr 6 000 | kr 760 169 | kr 810 394 |
| Tilskudd 200 sauer | 200 | kr 72 000 | 200 | kr 265 075 | 600 | kr 54 000 | 500 | kr 205 000 | 250 | kr 136 250 | kr 96 580 | kr 40 000 | kr 17 400 | kr - | kr 6 000 | kr 822 905 | kr 880 305 |
| Tilskudd 250 sauer | 250 | kr 90 000 | 250 | kr 275 525 | 750 | kr 67 500 | 625 | kr 256 250 | 313 | kr 170 313 | kr 96 580 | kr 50 000 | kr 21 750 | kr - | kr 6 000 | kr 950 168 | kr 1 021 918 |

2024/25:

| Prøvemodeller -2024/25, sone 5A | Areal | Tilskudd | Sauer | Produksjonstilskudd | Sau og lam | Beitetilskudd | Sau og lam | Utmarksbeitetil | Lam | Slaktelamtilsku | Avløsning ferie | Engangskompe | Engangskompe | Dyrevelferdstils | Bunnfradrag | Sum ordinært t | Sum alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd 30 sauer | 30 | kr 11 700 | 30 | kr 71 310 | 90 | kr 9 900 | 75 | kr 38 250 | 38 | kr 21 188 | kr 19 200 | kr 6 000 | kr 2 610 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 170 548 | kr 176 548 |
| Tilskudd 60 sauer | 60 | kr 23 400 | 60 | kr 142 620 | 180 | kr 19 800 | 150 | kr 76 500 | 75 | kr 42 375 | kr 38 400 | kr 12 000 | kr 5 220 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 342 095 | kr 354 095 |
| Tilskudd 75 sauer | 75 | kr 29 250 | 75 | kr 178 275 | 225 | kr 24 750 | 188 | kr 95 625 | 94 | kr 52 969 | kr 48 000 | kr 15 000 | kr 6 525 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 427 869 | kr 442 869 |
| Tilskudd 100 sauer | 100 | kr 39 000 | 100 | kr 223 500 | 300 | kr 33 000 | 250 | kr 127 500 | 125 | kr 70 625 | kr 64 000 | kr 20 000 | kr 8 700 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 556 625 | kr 576 625 |
| Tilskudd 125 sauer | 125 | kr 48 750 | 125 | kr 268 725 | 375 | kr 41 250 | 313 | kr 159 375 | 156 | kr 88 281 | kr 80 000 | kr 25 000 | kr 10 875 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 685 381 | kr 710 381 |
| Tilskudd 150 sauer | 150 | kr 58 500 | 150 | kr 313 950 | 450 | kr 49 500 | 375 | kr 191 250 | 188 | kr 105 938 | kr 96 000 | kr 30 000 | kr 13 050 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 814 138 | kr 844 138 |
| Tilskudd 175 sauer | 175 | kr 68 250 | 175 | kr 320 550 | 525 | kr 57 750 | 438 | kr 223 125 | 219 | kr 123 594 | kr 112 000 | kr 35 000 | kr 15 225 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 904 269 | kr 939 269 |
| Tilskudd 200 sauer | 200 | kr 78 000 | 200 | kr 327 150 | 600 | kr 66 000 | 500 | kr 255 000 | 250 | kr 141 250 | kr 106 238 | kr 40 000 | kr 17 400 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 972 638 | kr 1 012 638 |
| Tilskudd 250 sauer | 250 | kr 97 500 | 250 | kr 340 350 | 750 | kr 82 500 | 625 | kr 318 750 | 313 | kr 176 563 | kr 106 238 | kr 50 000 | kr 21 750 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 1 120 901 | kr 1 170 901 |

Vedtak:

- Styret i OSG såg på utkastet som innspel til jordbruksforhandlingane som sekretæren hadde sett opp med punkta over satsane på dei 2 sidene under, og vedtok dette med dei rettingane som kom fram i møtet, som var i tekstdelen, slik at teksta vart slik:

**Innspel i jordbruksforhandlingane frå Oppland Sau og Geit for avtaleåra 2024/25**

Generelt i innspelet til Oppland Sau og Geit:

1. Lønna til småfebonden må aukast, og størst auke må sauebonden få
2. **Tilskota må ikkje røyrast for å sikra at lønnsauken vert reell for alle.**

   Dette gjeld spesielt for:

a) Lammeslakttilskotet: nei til endringar av regelverk for utbetaling av lammeslakttilskot, der slakteklassa framleis skal vera O+ og oppover og at vektgrense ikkje skal innførast. Kvar og ein, også smårasane og tidlegslakta kopplam, må få dette da eit lam med slakteklasse O+ har kvaliteten som skal til. Vi vil elles oppfordra avtalepartane til at dersom dette vert auka, så

må auken innførast frå og med haustsesongen 2024, slik at endringane vert reelle på dei fleste lamma i sesongen, og at ikkje endringane påverkar til at lam vert halde att til etter nyttår 2025

b) Produksjonstilskotet: Nei til endringar av dyretal-grensene både for sau og geit

c) Ei eventuell innføring av driftstilskot på sau kan vera ein veg for å oppnå lønnsauke hos sauebonden. Dette må vera friske midlar og ikkje påverka satsane på andre tilskot, som t.d. produksjonstilskotet, da det garantert vil skipla kravet under punkt 2.

I vedlegget vårt er ikkje driftstilskotet sett inn, men dersom satsane i vedlegget ikkje vert følgt opp, vil auken på omlag kr. 100.000 kr pr. årsverk ikkje nås utan driftstilskot. Da må eit driftstilskot av friske midlar innførast for å dekka kravet vårt om lønsauken til sauehaldet

3. Beitetilskota må aukast. Dette må skje prosentvis likt for både generelt beitetilskot og utmarksbeitetilskot for å sikra at ingen produsent/distrikt fell utanom. Bakgrunnen til dette er tilgang eller ikkje på utmarksbeite basert på sedvane og rovviltutfordringar
4. Organisert Beitebruk (OB) må få ein skikkeleg oppgang, her vart det til orientering ingen auke førre avtaleåret. All auke i dette bør tilførast investeringsstøtte m/fokus på støtte til elektronisk overvaking av beitedyr. Ser at det er nokon som har tenkt på at Staten skal/kan dekka 50% til kvar beitebrukar eller til leverandørar av slikt utstyr. Vi minner om:

a) Det er svært viktig å hegna om «Organisert Beitebruk». Her har Staten alt ei ordning rundt dette, og ei auke som under punkt 4 over vil vera ei gulrot for større medlemsfordel til OB og betre statistikkar for sleppte og tapte dyr på beite i Norge. Ei ordning med at Staten «berre» skal dekka dette vil svekka organisert beitebruk. Det må i så fall forskriftfastsetjast eit krav om medlemskap i OB

b) Det er vel heller ingen som trur at Staten vil dekka 50% av alt innkjøp. Skulle alle søyer som ikkje har sporing i Oppland ha slikt utstyr, så vil berre det utgjera 50% av kr. 300.000.000 for Staten

c) At leverandørane av elektronisk overvakingsutstyr får 50% statsstøtte til produksjon trur vi er ei farleg vinkling. Brått kan da utstyret fort verta like dyrt for neste leddet, som er vi, og aktørane/nye aktørar/nytt utstyr må godkjennast etc.

d) Oppland synest modellen m/Radiobjøllelag må støttast. Ein god argumentasjon til støtte for elektronisk overvakingsutstyr er nettopp eit radiobjøllelag der utstyr som beitebrukarar som sluttar med beitedyr vert brukt oppatt hjå andre aktive brukarar

5. Oppland Sau og Geit har høyrt og teke innspela kring kvote- og produksjonsregulering av sau- og lammekjøtt på alvor. I skrivande stund ser vi ingen hensikt i å innføre dette. Vi nemner under argument for vedtaket vårt nå og punkter som må på plass m.o.t at noko slik kan gjerast vedtak på i framtida:
    a) I Norge vert det i dag produsert mykje mindre sau- og lammekjøtt enn vi fekk seld for nokre år sidan, og vi kan ikkje sjå at dette vil snu på stutt sikt. Dette er heller ei klar føring for at lønnsevna i sauehaldet må aukast
    b) Tal sauer over 1 år i Norge har minka gradvis frå 962.874 i 2018 til 869.417 i 2023. Med 1,25 lam slakta pr. sau utgjer det heile 116.821 stk. slakta lam færre enn for 5 år sidan
    c) Ein eventuell rettferdig og praktisk modell for produksjonsregulering på sau er på langt nær gjort i stand enda.
    d) Oppland Sau og Geit ber likevel om at føringar og verknadar i praksis, som produksjonsregulering av sau kan gjeva, vert sett på sakskartet av både NSG og faglaga. Vi føler at vi aldri har fått nokon klarheit i kva dette vil eller kan medføra, og denne klarheita vil kunne medføra at saka anten vert teke opp eller

lagt daud. Vi kjenner samstundes til at korkje slakteria eller Staten er interessert, og ikkje minst at slakteria lurer veldig på korleis dette kan eller skal ordnast i praksis. Samstundes kjenner vi til at Norsk Bonde og Småbrukarlag kan opptre som om dei vil ha dette, men dette er på langt nær i samsvar med grasrota i organisasjonen. Det er stilt spørsmål korleis rekruttering i sauehaldet kan gjerast utan kvotesal/kjøp og vi kjenner til at dagens regulering/konsesjonsregulering av gris heller ikkje fungerer, sjølv om dette burde vera ein enklare produksjon enn sauehald å regulera

6. Det må sørgjast for at småfebønder får dekka sjukefråvær fullt ut som andre grupper i samfunnet
7. Mjølkegeitbønder vil ha ein gjennomgang/dokumentasjon om kva eit årsverk er
8. Oppland Sau og Geit er glade for at ammegeitprodusentane fekk heva produksjonstilskotet ved førre avtale. Vi synest at produksjonstilskotssatsane til ammegeit skal følgja sauehaldet. Slik at satsane 1-60 på ammegeit følgjer sau på 1-75, at 61-120 på ammegeit følgjer sau på 76-150, og at 121+ på ammegeit følgjer sau på 151+
9. Oppland Sau og Geit presiserer at dyretalet under punkt 8 over skal baserast på at <u>ammegeit skal teljast på same måte som sau.</u> I jordbruksavtala 2023/24 stod det : *«Sau født året før eller tidligere og ammegeit»*. Dette har medført at ammegeit ikkje har vorte tella fyrste året dei har kjea. Vi spelar inn at setning i kursiv frå jordbruksavtala over endrast til <u>*«Sau og ammegeit  født året før eller tidligere».*</u>
10. **Vi har sett opp eit oppsett på vedlagte vedlegg på satsane vi spelar inn og på korleis satsane vil utgjera endringane i ulike besetningsstorleikar**

Innspelet vart sendt inn til NSG og dei regionale faglaga etter årsmøtet, der tabellane under vart levert i liggande format, slik at tala synte betre enn slik dei ligg under

<u>**Endringar i sauehaldet med tilskotssatsar på ulike besetningsstorleikar :**</u>

**Tabell 1: Slik var det etter avtala 2023/24**

| Prøvemodell-2023/24, sone 5A | Areal | Tilskudd | Sauer | Produksjonstilskudd | Sau og lam | Beitetilskudd | Sau og lam | Utmarksbeiteti | Lam | Slaktelamtilsku | Avløsning ferie | Engangskompe | Engangskompe | Dyrevelferdstil | Bunnfradrag | Sum ordinært t | Sum alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd 30 sauer | 30 | kr 10 800 | 30 | kr 58 050 | 90 | kr 8 100 | 75 | kr 30 750 | 38 | kr 20 438 | kr 16 710 | kr 6 000 | kr 2 610 | kr - | kr 6 000 | kr 138 848 | kr 147 458 |
| Tilskudd 60 sauer | 60 | kr 21 600 | 60 | kr 116 100 | 180 | kr 16 200 | 150 | kr 61 500 | 75 | kr 40 875 | kr 33 420 | kr 12 000 | kr 5 220 | kr - | kr 6 000 | kr 283 695 | kr 300 915 |
| Tilskudd 75 sauer | 75 | kr 27 000 | 75 | kr 145 125 | 225 | kr 20 250 | 188 | kr 76 875 | 94 | kr 51 094 | kr 41 775 | kr 15 000 | kr 6 525 | kr - | kr 6 000 | kr 356 119 | kr 377 644 |
| Tilskudd 100 sauer | 100 | kr 36 000 | 100 | kr 181 625 | 300 | kr 27 000 | 250 | kr 102 500 | 125 | kr 68 125 | kr 55 700 | kr 20 000 | kr 8 700 | kr - | kr 6 000 | kr 464 950 | kr 493 650 |
| Tilskudd 125 sauer | 125 | kr 45 000 | 125 | kr 218 125 | 375 | kr 33 750 | 313 | kr 128 125 | 156 | kr 85 156 | kr 69 625 | kr 25 000 | kr 10 875 | kr - | kr 6 000 | kr 573 781 | kr 609 656 |
| Tilskudd 150 sauer | 150 | kr 54 000 | 150 | kr 254 625 | 450 | kr 40 500 | 375 | kr 153 750 | 188 | kr 102 188 | kr 83 550 | kr 30 000 | kr 13 050 | kr - | kr 6 000 | kr 682 613 | kr 725 663 |
| Tilskudd 175 sauer | 175 | kr 63 000 | 175 | kr 259 850 | 525 | kr 47 250 | 438 | kr 179 375 | 219 | kr 119 219 | kr 97 475 | kr 35 000 | kr 15 225 | kr - | kr 6 000 | kr 760 169 | kr 810 394 |
| Tilskudd 200 sauer | 200 | kr 72 000 | 200 | kr 265 075 | 600 | kr 54 000 | 500 | kr 205 000 | 250 | kr 136 250 | kr 96 580 | kr 40 000 | kr 17 400 | kr - | kr 6 000 | kr 822 905 | kr 880 305 |
| Tilskudd 250 sauer | 250 | kr 90 000 | 250 | kr 275 525 | 750 | kr 67 500 | 625 | kr 256 250 | 313 | kr 170 313 | kr 96 580 | kr 50 000 | kr 21 750 | kr - | kr 6 000 | kr 950 168 | kr 1 021 918 |

**Tabell 2: Slik vert det etter dei nye føreslegne satsane Oppland Sau og Geit fremjar for 2024/25***

| Prøvemodeller -2024/25, sone 5A | Areal | Tilskudd | Sauer | Produksjonstilskudd | Sau og lam | Beitetilskudd | Sau og lam | Utmarksbeiteti | Lam | Slaktelamtilsku | Avløsning ferie | Engangskompe | Engangskompe | Dyrevelferdstil | Bunnfradrag | Sum ordinært t | Sum alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd 30 sauer | 30 | kr 11 700 | 30 | kr 71 310 | 90 | kr 9 900 | 75 | kr 38 250 | 38 | kr 21 188 | kr 19 200 | kr 6 000 | kr 2 610 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 170 548 | kr 176 548 |
| Tilskudd 60 sauer | 60 | kr 23 400 | 60 | kr 142 620 | 180 | kr 19 800 | 150 | kr 76 500 | 75 | kr 42 375 | kr 38 400 | kr 12 000 | kr 5 220 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 342 095 | kr 354 095 |
| Tilskudd 75 sauer | 75 | kr 29 250 | 75 | kr 178 275 | 225 | kr 24 750 | 188 | kr 95 625 | 94 | kr 52 969 | kr 48 000 | kr 15 000 | kr 6 525 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 427 869 | kr 442 869 |
| Tilskudd 100 sauer | 100 | kr 39 000 | 100 | kr 223 500 | 300 | kr 33 000 | 250 | kr 127 500 | 125 | kr 70 625 | kr 64 000 | kr 20 000 | kr 8 700 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 556 625 | kr 576 625 |
| Tilskudd 125 sauer | 125 | kr 48 750 | 125 | kr 268 725 | 375 | kr 41 250 | 313 | kr 159 375 | 156 | kr 88 281 | kr 80 000 | kr 25 000 | kr 10 875 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 685 381 | kr 710 381 |
| Tilskudd 150 sauer | 150 | kr 58 500 | 150 | kr 313 950 | 450 | kr 49 500 | 375 | kr 191 250 | 188 | kr 105 938 | kr 96 000 | kr 30 000 | kr 13 050 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 814 138 | kr 844 138 |
| Tilskudd 175 sauer | 175 | kr 68 250 | 175 | kr 320 550 | 525 | kr 57 750 | 438 | kr 223 125 | 219 | kr 123 594 | kr 112 000 | kr 35 000 | kr 15 225 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 904 269 | kr 939 269 |
| Tilskudd 200 sauer | 200 | kr 78 000 | 200 | kr 327 150 | 600 | kr 66 000 | 500 | kr 255 000 | 250 | kr 141 250 | kr 106 238 | kr 40 000 | kr 17 400 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 972 638 | kr 1 012 638 |
| Tilskudd 250 sauer | 250 | kr 97 500 | 250 | kr 340 350 | 750 | kr 82 500 | 625 | kr 318 750 | 313 | kr 176 563 | kr 106 238 | kr 50 000 | kr 21 750 | kr 5 000 | kr 6 000 | kr 1 120 901 | kr 1 170 901 |

*) I kolonnane «Sum i alt» til høgre vil summane i tabell 2 minus tilsvarande summar i tabell 1 vera auken i tilskotssatsane for dei ulike besetningsstorleikane, slik at dersom 1 årsverk på 125 sauer vil ha ei auke på kr. 100.725

## Tilskotssatsar som omhandlar småfe i jordbruksavtala:

| Innspill 2024/25 | 2022-2023 | 2023-2024 | 2024-2025 |
|---|---|---|---|
| Målpris geitemelk/kumelk | kr 5,91 | kr 6,24 | kr 6,50 |
| Beitetilskudd utmarksbeite (min 5 uker) | kr 300 | kr 410 | kr 510 |
| Beitetilskudd sone 1-4 (16 uker) 5-7 (12 uker) | kr 60 | kr 90 | kr 110 |
| | | | |
| Bunnfradrag (35% husdyrtilskudd og 35% arealtilskudd) | kr 6 000 | kr 6 000 | kr 6 000 |
| Maksimalsats pr, foretak, husdyrtilskudd | Suspentert | Suspendert | Suspendert |
| | | | |
| Produksjonstilskudd melkegeit og melkesau 1-125 | kr 1 702 | kr 1 702 | kr 1 702 |
| Produksjonstilskudd melkegeit og melkesau 126+ | kr 688 | kr 688 | kr 688 |
| | | | |
| Produksjonstilskudd ammegeit | ny struktur | ny struktur | |
| Produksjonstilskudd ammegeit 1-60 | | 2377 | kr 2 377,00 |
| Produksjonstilskudd ammegeit 61-120 | | 1809 | kr 1 809,00 |
| Produksjonstilskudd ammegeit 121+ | | 264 | kr 264,00 |
| Produksjonstilskudd sau 1-75 | kr 1 885 | kr 1 935 | kr 2 377 |
| Produksjonstilskudd sau 76-150 | kr 1 435 | kr 1 460 | kr 1 809 |
| Produksjonstilskudd sau151+ | kr 209 | kr 209 | kr 264 |
| | | | |
| Kvalitetstilskudd Lammeslakt O+ og bedre | kr 525 | kr 545 | kr 565 |
| | | | |
| Tillegg økologiske lam | kr 50 | kr 50 | kr 50 |
| | | | |
| Kvalitetstilslkudd Kjeslakt over 3,5 kg | kr 350 | kr 420 | kr 420 |
| | | | |
| Driftstilskudd geitemelk | kr 259 310 | kr 297 810 | kr 317 000 |
| | | | |
| Driftstilskudd sau | ikke innført | ikke innført | nei |
| Besetninger fra 1 dyr. Fra 1. dyr opp til 150 dyr | | | |
| | | | |
| Tak for disponibel geitemelkkvote | Utredes | 350000 | 350 000 |
| | | | |
| Tilskudd til norsk ull (3 500 000 kg) | kr 39,00 | kr 41,96 | kr 45,00 |
| Tilskudd skinn | ikke med | kr 70,00 | kr 75,00 |
| | | | |
| Dyrevelferdstilskudd | Utredes til 2023 | Utredes til 2023 | kr 5 000,00 |
| | | | |
| Grunntilskudd geitemelk/liter | kr 3,46 | kr 3,46 | kr 3,46 |
| Distriktstilskudd geitemelk A+0 | kr - | kr - | |
| Distriktstilskudd geitemelk B | kr 0,15 | kr 0,25 | kr 0,25 |
| Distriktstilskudd geitemelk C | kr 0,38 | kr 0,58 | kr 0,58 |
| Distriktstilskudd geitemelk D | kr 0,60 | kr 0,85 | kr 0,85 |
| Distriktstilskudd geitemelk E | kr 0,67 | kr 0,97 | kr 0,97 |
| Distriktstilskudd geitemelk F | kr 0,76 | kr 1,11 | kr 1,11 |
| Distriktstilskudd geitemelk G | kr 1,07 | kr 1,62 | kr 1,62 |
| Distriktstilskudd geitemelk H | kr 1,28 | kr 2,13 | kr 2,13 |
| Distriktstilskudd geitemelk I | kr 1,86 | kr 2,41 | kr 2,41 |
| Distriktstilskudd geitemelk J | kr 1,95 | kr 2,50 | kr 2,50 |

| Innspill 2024/25 | 2022-2023 | 2023-2024 | 2024-2025 |
|---|---|---|---|
| Grunntilskudd for kjøtt - sau og lam over 13 kg | kr 3,81 | kr 3,81 | kr 3,81 |
| Grunntilskudd for kjøtt - geit | kr 5,15 | kr 5,15 | kr 5,15 |
| | | | |
| Genbevaring Sau/lam | kr 310 | kr 310 | kr 310 |
| Genbevaring Geit | kr 610 | kr 610 | kr 610 |
| | | | |
| Tiltak i beitefelt - Organisert beitebruk | kr 31 000 | kr 31 000 000 | kr 50 000 000 |
| 2022/23: kr. 6,5 mill. øremerket tiltak CWD, kr. 1.0 mill. NSG | | | |
| 2024/25: bruk over +19 mill. elektronisk overvaking | | | |
| | | | |
| Distriktstilskudd kjøtt sau og geit sone 1 | kr - | kr - | kr - |
| Distriktstilskudd kjøtt sau og geit sone 2 | kr 5,25 | kr 5,25 | kr 5,25 |
| Distriktstilskudd kjøtt sau og geit sone 3 | kr 8,05 | kr 8,05 | kr 8,05 |
| Distriktstilskudd kjøtt geit sone 4 | kr 12,80 | kr 15,80 | kr 15,80 |
| Distriktstilskudd kjøtt sau sone 4 | kr 14,90 | kr 17,90 | kr 17,90 |
| Distriktstilskudd kjøtt geit sone 5 | kr 13,40 | kr 16,40 | kr 16,40 |
| Distriktstilskudd kjøtt sau sone 5 | kr 15,40 | kr 18,40 | kr 18,40 |
| | | | |
| Økologisk husdyrproduksjon sau over 1 år/dyr sone 1-4 | kr 500 | kr 500 | kr 500 |
| Økologisk husdyrproduksjon sau over 1 år/dyr sone 5-7 | kr 500 | kr 500 | kr 500 |
| Økologisk husdyrproduksjon melkegeit/dyr sone 1-4 | kr 353 | kr 353 | kr 353 |
| Økologisk husdyrproduksjon melkegeit/dyr sone 5-7 | kr 353 | kr 353 | kr 353 |
| Økologisk husdyrproduksjon ammegeit/dyr sone 1-4 | kr 265 | kr 265 | kr 265 |
| Økologisk husdyrproduksjon ammegeit/dyr sone 5-7 | kr 265 | kr 265 | kr 265 |
| Økologisk innmarksbeite | kr 25 | ny struktur | Ny struktur |
| Økologisk grovfor | kr 40 | kr 45 | kr 40 |
| Økologisk areal 1. års karens | kr 250 | kr 300 | kr 250 |
| | | | |
| Avløserordning ferie fritid melkegeit/melkesau | kr 1 066 | kr 1 119 | kr 1 287 |
| Avløserordning ferie fritid sau/ammegeit/dyr | kr 530 | kr 557 | kr 640 |
| Makssats for avløsning ferie/fritid | kr 96 580 | kr 126 580 | kr 145 567 |
| Maksimal dagsats for avløsning ved sykdom | kr 2 100 | kr 2 450 | kr 2 800 |
| | | | |
| Arealtilskudd grovfor sone 1 | kr 50 | kr 50 | kr 55 |
| Arealtilskudd grovfor sone 2 | kr 50 | kr 50 | kr 60 |
| Arealtilskudd grovfor sone 3 | kr 145 | kr 145 | kr 160 |
| Arealtilskudd grovfor sone 4 | kr 165 | kr 165 | kr 185 |
| Arealtilskudd grovfor sone 5A | kr 360 | kr 360 | kr 390 |
| Arealtilskudd grovfor sone 5B Vestlandet | kr 405 | kr 405 | kr 440 |
| Arealtilskudd grovfor sone 6 | kr 420 | kr 420 | kr 460 |
| Arealtilskudd grovfor sone 7 | kr 466 | kr 466 | kr 511 |
| | | | |
| Nasjonal sats/seter for setring i 4 uker | Utredes | kr 50 000,00 | kr 50 000,00 |
| Nasjonal sats/seter for setring i 6 uker | Utredes | kr 70 000,00 | kr 70 000,00 |
| Nasjonal sats for foredlingstilskudd i kr/seter | Utredes | Utredes | |
| Nasjonal sats for fellessetertilskudd i kr/seter | Utredes | Utredes | |
| | | | |
| Engangskompensasjon 2023 - Sau/ammegeit, kr/dyr | 200 | kr 200 | kr 200,00 |
| Engangskompensasjon 2023 - Melkegeit/melkesau, kr/dyr | 450 | kr 450 | kr 450,00 |
| Kulturlandskapstilskudd, kr/daa | 87 | kr 87 | kr 87,00 |

---

## Sak 24/2024: Eventuelt

- Ingen saker

Gjøvik, 23/02 2024, Pål Kjorstad, sekretær

--------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Referat frå styremøte Søndag 25/02 2024 på Quality Strand Hotel på Gjøvik onsdag kl. 10.45-11.30 med det nye styret i OSG

**Desse møtte:** Frode Rudland, Kjell Gudmund Svien, Jonny Mathisen, Svanhild G. Holden Helge Nordlien, Kristin M. Kongelf, Even Sjurrud og Pål Kjorstad

## Sak 25/2024: Utval til rekruttering av ny sekretær/dagleg leiar

- Da Pål meldte frå at han trekker seg frå 01/01 2025, så må styret med eingong leggja planer for rekruttering i administrasjonen
- Pål har i dag ansvar for følgjande i hovudtrekk: sekretær fylkeslaget, minside OSG, årsmelding OSG, sponsoravtalar, ansvar for lagring av protokoll, dokumenter og materiell til OSG, dagleg leiar Oppland Radiobjøllelag inkludert søknader tilskot, rapportering, godkjenning og fakturerings-grunnlag leigetakarar, innkjøp av utstyr, lager av utstyr og utdeling/pakking av utstyr, kasserar fylkeslaget, radiobjøllelaget og Ring 41 m/administrator nettbank, heimesideredaktør m/oppdatering av freda rovviltsida.

- Det nye styret var samde om at sekretær laut rekrutterast fyrst, men at ein sjølvsagt skulle vera ope for alt dersom kandidat-/ar vart funne eller meldte seg
- Styret ville oppretta eit utval på 3 personar til i fyrste omgang å finna 3 aktuelle namn

Vedtak i saka:

- Utvalet som vart vald til å finna ny sekretær er: Jonny Mathisen, Kjell Gudmund Svien og Knut Evensen
- Jonny skulle melde frå til årsmøtet i OSG på slutten av dagen om at folk skulle leita etter kandidatar eller at kandidatar skulle melde seg

**Sak 26/2024: Info og saker som kjem opp snart**

- Gjetarhundkontakt/kontakt inn i arrangementsgruppa NM 2025: Irene eller Kjell Gudmund
- Radiobjøllekontakt i styret: Jonny
- Administrasjon av Facebooksida til Oppland Sau og Geit: Frode og Svanhild
- Messenger-gruppa
- Avtale om utstyr/container og konto NM i saueklipping og ullhandtering (arrangementskonto OSG)
- Frode møter på årsmøte i Hadeland Sau og Geit 28/02 2024
- Møte i grovfôralliansen 05/03 2024

Vedtak i saka:

- Jonny tok på seg å vera kontakt til ORL
- Irene tok på seg å vera gjetarhundkontakt
- Frode og Svanhild vert administratorar for Facebooksida til OSG
- Pål endrar og oppdaterer Messenger-gruppa til OSG
- Det skal haldast møte mellom med lokallaga i Midt-Gudbrandsdalen og OSG v/Jonny og Pål om NM utstyr og konto med mål om ei avtale som gjev OSG eigar og råderett over utstyret

Gjøvik, 25/02 2024, Pål Kjorstad, sekretær